

Hausten starta med konserten «Orgelbrus og korklang» den 17. september, der organisten Hallgeir Øgaard Westli presenterte mektig orgelmusikk, og koret framførte eit utval av sitt a cappella englandsrepertoar. Ole D. Hagesæther var konferansier på konserten.

Få veker etter, 10. oktober, dro vi på kortur til England. Tre konsertar stod på programmet, i Cambridge, Ely og King's Lynn. I den vakre katedralen i Ely fekk me med oss sopranen Louise Kemény som solist. Torunn Nåmdal hadde gjort eit framifrå førearbeid for å få til programopplegget i England, og det vart på alle måtar ein tur full av gode opplevingar og musikkglede.

I tillegg tok vi del i den årvisse gudstenesta i Bøkeskogen den 11. juni, og den tradisjonelle julekonserten i Alversund kyrkje søndag 3. desember.

Dessutan har koret teke del i to 70-årsjubileum som har vore markert med konsert i kyrkja. Den eine var ein privat konsert for Helge Øgaard, den andre ein open konsert, Kortreff, som jubilaranten Frank Antoniazzi sjølv stod som arrangør av.

Kyrkjeteneste

I tillegg til konsertane tek koret aktivt del i gudstenestene i Knarvik kyrkje, samt andre arrangement, som dugnadskonsert i kyrkja den 23. april.

Den 5. november tok koret del i 125-årsjubileet i Lygra kyrkje.

I 2017 har koret to gonger teke del i gudstenesta med full korsong. Kormedlemer har dessutan hatt forsongarteneste ved fem ulike gudstenester i Knarvik kyrkje og i Alversund.

Annan aktivitet

Etter julekonserten i Alversund kyrkje har koret til vanleg hatt ei felles samling i kyrkjelydhuset. På grunn av det tette programmet denne hausten vart festen flytta til januar 2018.

30.01.2017

Ragnhild Ø. Arnesen
Leiar

R. Ø. Arnesen

Knut Johannessen
Nestleiar

Christa S. Skanding
Skrivar

Christa S. Skanding

Bjørge Antoniazzi
Styremedlem

Bjørge E. Antoniazzi

Trygve Skanding
Varamedlem

Trygve Skanding

Helga Stokke
Varamedlem

Helga Stokke